



## Notat

**Dato**

LEIKANGER, 27.03.2019

**Til:** Fylkesutvalet, møte 8. april 2019

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Musea i Sogn og Fjordane - nye søknader

Fylkesrådmannen viser til saka til FT 24. april 2019 om museumsbygg. Etter at saka var ferdigstilt, sendt ut og handsama i HNK, har vi fått inn to nye søknader fra Musea i Sogn og Fjordane. Den eine gjeld nybygg/renovering av eksisterende museumsbygning på Sunnfjord Museum. Denne vart avtalt på møte 12.mars at skulle sendast over. Den andre gjeld utbyggingar i Kvernsteinsparken i Hyllestad.

Dette notatet, saman med dei to søknadane, vert lagt inn som nye vedlegg i nemnde FT-sak.

Kopiar av MiSF sine søknader til Kulturdepartementet i høve fellesmagasin og vernebygg for Holvikejekta ligg ved FT-saka frå tidlegare.

Fylkesrådmannen har laga følgjande skjematiske oversikt over dei fire prosjekta basert på opplysningsar i søknadsdokumenta:

	<b>Fellesmagasin Ramstad</b>	<b>Holevikjekta</b>	<b>Sunnfjord Museum</b>	<b>Norsk Kvernsteincenter</b>
Kva	Ombygging av Eskefabrikken til Fellesmagasin for alle musea i fylket (Førde)	Vernebygg (nybygg) for Holvikejekta (Gloppen)	Heilrenovering av eksisterande bygg og nybygg (Førde)	3-delt prosjekt: - Oppgradering av eksisterande bygg. - Utviding turløype. - Besøkssenter, nybygg, (Hyllestad)
Areal	4544 m <sup>2</sup>	951 m <sup>2</sup>	Nybygg 950 m <sup>2</sup> Dagens bygg 380 m <sup>2</sup>	Nybygg 210 m <sup>2</sup> + 28 m <sup>2</sup> uteplass
Kostnad	65 mill. kr	32 mill. kr	37 mill. kr (førebelgs investeringsbehov)	Oppgradering av eksisterande bygg 6 mill. kr Turløype 5 mill. kr Besøkssenter (nybygg) 13 mill. kr
Stat	40 mill. kr	10 mill. kr	Ikkje oppgitt	Ikkje oppgitt
Fylkes-kommune	20 mill. kr	10 mill. kr	Ikkje oppgitt	5 mill. kr
Kommune	1 mill. kr	10 mill. kr	Ikkje oppgitt	Ikkje oppgitt
Eigen-finansiering	4 mill. kr	2 mill. kr	2 mill. kr	Ikkje oppgitt
Drifts-kostnad	2,985 mill. kr	0,560 mill. kr	Ikkje oppgitt	Ikkje oppgitt
Forventa auke i driftstilskot?	Ikkje oppgitt	Ikkje oppgitt	Ikkje oppgitt	Ikkje oppgitt

Søknad	Søknad sendt Kulturdept. 1.3.19. Kopi sendt til fylkeskommunen.	Søknad sendt Kulturdept. 1.3.19. Kopi sendt til fylkeskommunen.	Innmeldt investeringsbehov sendt Førde k. og fylkeskommunen 19.03.19	Søknad til fylkeskommunen 19.03.19.
Tidsrom	Viss full-finansiering; Oppstart 2020. Ferdigstilling 2021.	Viss full-finansiering; Bygging 2020-21.	Skisseprosjekt ferdig tidleg i 2020.	10-års perspektiv på realiseringa.
Merknad	Staten gir sine løyvingar via statsbudsjettet, kjem i okt.-19.	Staten gir sine løyvingar via statsbudsjettet, kjem i okt.-19. . Gloppen k. har sett av 10 mill. kr i ØP.	Førde kommune har ikkje tatt stilling til korleis dei vil handtere saka.	MiSF har søkt RA om midlar til turløype (BARK). Turløypa kan også spelemiddelfinansierast

Fylkesrådmannen gjer merksam på at oppgjevne investeringskostnadar er ekskl. mva. MiSF opplyser at dei ikkje får fullt frådrag for inngåande moms då musea har ei blanding av avgiftspliktig og ikkje-avgiftspliktig omsetning. Som konsekvens av det vert kostnaden med det enkelte prosjekt reelt sett høgare enn her oppgitt.

Fylkesrådmannen gjer også merksam på at det til kvar enkelt søknad følgjer ein del vedlegg. Det er berre hovuddokumentet i kvart enkelt prosjekt som er lagt ved saka.